

debatt@klassekampen.no

KRONIKK
& DEBATTDen neste
velferds-
reformaARBEIDSTID
Magnhild Folkvord

Gratulerer, alle gode krefter som før og under LO-kongressen har gjort ein langvarig og tolmogig innsats for å få sekstimarsdagen lengst mogleg opp på fagrørsla sin dagsorden!

LO-kongressen sitt vedtak opnar for at ein kan komma vidare i overskuleg framtid, med eit meir inkluderande og likestilt arbeidsliv med fleire heile stillingar som mål.

Det skal utarbeidast ein plan for arbeidstidsforkorting, basert på erfaringar med forsøk både nasjonalt og internasjonalt. Det skulle ikkje vera noko i vegen for å starta raskt. Skal ein følgja opp den planen som Mette Nord i Fagforbundet har skissert tidlegare, bør den første halvtimen takast alt i tariffoppgjeret i 2018.

LO-leinga/LO-sekretariatet må ha dei fullmakter som trengst for å komma raskt i gang, klubbar og fagforeningar kan følgja opp med å krevja ein halvtimes forkorting av arbeidsdagen når tariffkrava skal vedtakast utover hausten.

Dei forsøka med sekstimarsdag som er kjende er eintydig positive, med både dagararbeid og skiftarbeid. Døgnkontinuerleg skift- og turnusarbeid er dårlegast dekt av forsøk. Kva trengst av særleg tilpassing for å få best mogleg nytte av ein forkorta normalarbeidsdag?

Den fleksibiliteten som lov og teknologi kan gi rom for, må ikkje føra til auka press og uklart skilje mellom arbeidstid og fritid. Vi ønskjer å understreka at målet må vera ein seks timars normalarbeidsdag. For arbeid på dagtid må seks timar fem dagar i veka bli det normale, medan ein – slik som no – avtalar særordningar der arbeidet krev det.

Svært mange har så god kjøpekraft at det vil vera bra for både kloden og klimaet om ein del av veksten blir veksla inn i auka fritid i staden for i meir pengar – på same tid som dei lågast lønte må få auka si kjøpekraft.

Magnhild Folkvord, aksjonskomiteen for sekstimarsdagen
mafalkvo@online.no

Ja, nå må bygdene lære!

DISTRIKTS-
POLITIKK
Håvard Teigen

Kronikken i Klassekampen skrive av Siri Holmboe Høibo (1. juni) hadde overskrifta «Bygdene må lære av byen». Grunnen til at bygdene nå må på skolebenken, er at Oslo ikkje lenger har råd til å halde seg med slike utgiftspostar som «Bygde-Norge».

Kronikkforfatteren har latt seg inspirere av den blåblå regjeringas stortingsmelding om distriktspolitikken. Statistisk sentralbyrå har også påvist at «dei som jobbar i Oslo har 23 prosent høgre produktivitet, eller verdiskaping per sysselsett, enn landsgjennomsnittet.»

Forklaringa på denne høgre produktiviteten er ifølge kronikkskrivaren at det i Oslo er betre samsvar mellom bedrifters behov og arbeidstakarane sin kompetanse. I tillegg forklarar

lever av arbeidet sitt og dei som lever av kapital. Nei: Motsetnaden går mellom by og land.

Kvifor er dette reinspikka tull? Den enklaste forklaringa er knytt til korleis produktivitet eller verdiskaping blir målt. Verdiskaping er den omsetninga ei bedrift har, minus det bedrifta har kjøpt inn til produksjonen.



Dette er reinspikka tull – men inngår i ein retorikk som enkelte ser seg tent med: at motsetnaden går mellom by og land.

kunnskapsdeling og mange jobbskifte delar av denne forskjellen på 23 prosent. Der folk bur tett, lærer dei av kvarandre. Det er ikkje minst her bygdene har noko å lære: dei må lære seg å bu tett!

Det som eg her har referert, er reinspikka tull – men inngår i ein retorikk som enkelte ser seg tent med: at motsetnadene i samfunnet vårt ikkje går mellom fattig og rik, mellom dei som har makt og dei som er makteslause, eller mellom dei som

Sagt på ein annan måte: Verdiskaping er det som blir att til arbeidskraft (løn) og kapital (profitt).

Store delar av arbeidsstokken arbeider i offentleg sektor eller i organisasjonar som ikkje har profitt som del av føremålet. Spesielt i Oslo er det ei opphoping av slike organisasjonar som har hovudsetet sitt i hovudstaden: LO, NHO, Bondelaget, Innovasjon Norge, Noregs forskingsråd, Politidirektoratet, Kulturrådet, alle teatra, Operaen, og så vidare. I desse organisasjonane er

Det er uklart hvor langt retten til selvbestemmelse går etter folkeretten. Det er klart at kolonier og folk som er okkupert har ein slik rett, inkludert palestinerne. Det siste har ICJ fastslått i sin rådgivende uttalelse om lovligheten av muren mellom Israel og Vestbredden (2004).

Men har folkegrupper, slik som katalanere og kurdere, rett til å kreve en egen stat? Folkeretten bygger på statenes suverenitet og grensenes ukrenkelighet. Sannsynligvis kan folkegrupper bare kreve en rett til løsrivelse unntaksvis, ved grove menneskerettighetsbrudd.

Da tilhengerne av Kosovos uavhengighet prosederte for ICJ, ønsket de ikke å gjøre selvstendighetserklæringen til et spørsmål om retten til

produktiviteten (eller verdiskapinga) til den einskilde det same som løna. Det same gjeld dei mange titusenar som arbeider i statsadministrasjonen i Oslo-området.

Forklaringa? Når løna i gjennomsnitt er 23 prosent høgre i Oslo-regionen enn resten av landet, er hovudforklaringa at LO-sekretariatet tener betre enn arbeidsfolket dei organiserer rundt omkring i landet. NHO-direktørane tener betre enn småbedriftseigarane. Toppleinga i departement og direktorat tener langt meir enn statsansatte rundt omkring i landet.

Eit anna hovudelement som forklarar lønsforskjellane, er at nesten alle private konsern har toppadministrasjonen lokalisert i Oslo-regionen. Produksjonen skjer rundt omkring i landet, er utført av arbeidarar med låg løn. Desse er lite produktive slik det her blir målt. Direktørane i hovudleinga tener det mangedobbelte. Men viser dette at fedrelandet ville ha vorte rikare om direktørane slapp å «få på» dei lågtløna arbeidarane?



Klassekampen 1. juni

Kunne direktørane dirigert utan nokon å dirigere?

Eit tredje element som forklarar dei store skilnadene i «produktivitet» mellom Oslo og resten av landet, er at det meste av finanssektoren i vid meining av ordet er lokalisert her. Løn og avkastning på kapital er her ofte 10 til 100 gonger det ein finn blant folk flest.

Det rare er derfor ikkje at det er 23 prosent høgre inntekter i gjennomsnitt i Oslo-området. Det rare er at talet ikkje er høgre. Her er forklaringa at storbyar er storprodusentar av

ulikskap: Her finn vi dei aller største forskjellane mellom fattig og rik. Det verste med slikt skrivi som Holmboe Høibo presterer er kanskje ikkje den falske forestillinga om by og land, men at dei store classeskilnadene i Oslo-regionen blir skjult. Faktisk står det om dei i stortingsmeldinga ho refererer til. Og det er ikkje slik at dei som bur tettast i små kår tener betre enn dei som breier seg i Oslo Vest. Det er omvendt.

La meg avslutte med eit tankeeksperiment: Tenk om Oslo-regionens politikarar og næringslivsmenn trur på skriveriet til denne kronikkforfatteren og startar ein kampanje for å bli ein sjølvstendig bystat som ikkje treng å dra med seg resten av Norge på lasset.

Rest-Norge måtte da finne seg ein annan hovudstad og flytte alle sine nasjonale institusjonar til den nye hovudstaden. Står Bergen klar? Er det Oslo-regionen eller «Rest-Norge» som ville ha vore verdas rikaste land om 10 år?

Håvard Teigen,
professor i regional økonomi og
politikk

havard.teigen@inn.no

Krim hadde ikke folkerettslig rett til løsrivelse

RUSSLAND
Geir Ulfstein

Björgulv Braanen aksepterer i Klassekampen tirsdag at Russlands overtakelse av Krim var i strid med folkeretten. Men han hevder at Den internasjonale domstolen i Haag (ICJ) anerkjente Kosovos rett til løsrivelse fra Serbia. Ut fra dette mener han at ethvert folk har rett til løsrivelse, også Krim.

Dette er feil. I sin rådgivende uttalelse om Kosovo nøyde ICJ seg med å si at uavhengighetserklæringen i seg selv ikke var i strid med folkeretten. Domstolen tok ikke stilling til om Kosovo hadde rett til løsrivelse.

selvbestemmelse. Også disse statene fryktet konsekvensene av minoriteters krav på uavhengighet. De argumenterte i stedet

for Kosovos spesielle situasjon, særlig det langvarige FN-styret og den faktiske selvstendigheten i denne perioden. Norge hadde allerede tre dager etter Kosovos selvstendighetserklæring uttrykt støtte til uavhengigheten ut fra at landet var et «sært tilfelle» og at det forelå «helt spesielle omstendigheter».

Putin viste til USAs innlegg i ICJ-saken om Kosovos selvstendighet. Utenriksminister Lavrov mente at «Krim var et meget spesielt tilfelle, et unikt tilfelle på alle måter enten man ser på det historisk, geopolitisk eller nasjonalt.»

Det er ikke forunderlig at Russland har brukt Kosovo for alt det var verdt. President

Putin viste til USAs innlegg i ICJ-saken om Kosovos selvstendighet. Utenriksminister Lavrov mente at «Krim

var et meget spesielt tilfelle, et unikt tilfelle på alle måter enten man ser på det historisk, geopolitisk eller nasjonalt.»

Mangelen på prinsipielle begrunnelser, enten den kommer fra Norge eller andre land, svekker folkeretten. Mangelen på prinsipielle begrunnelser, enten den kommer fra Norge eller andre land, svekker folkeretten. Dette gjelder både holdningen til ulovlige invasjoner fra Russland og USA, og retten til selvstendighet for Kosovo og Krim.

Geir Ulfstein,
professor dr. juris, UiO
geir.ulfstein@jus.uio.no